



# Språkrådet 2006

# Innhold

Tilbakeblikk og utsyn.....	2
Interimsstyre og styre.....	4
Rådgivning og informasjon.....	5
Rettskrivning, ordbøker og ordlister.....	8
Norsk språk og IKT.....	9
Skole og undervisning.....	10
Høyere utdanning og forskning.....	13
Terminologi og fagspråk.....	15
Lov om målbruk i offentlig teneste.....	16
Språktjenesten for statsorgan.....	18
Stedsnavn.....	19
Nordisk samarbeid.....	21
Andre tiltak.....	23
Sekretariat.....	24
Fagråd.....	25
Stedsnavntjenesten.....	26
Budsjett og regnskap.....	27
Vedtekter.....	28

# Forord

Norsk språkråd ble formelt nedlagt 31. desember 2004, og det nye kompetanseorganet for norsk språk tok straks over. I mai 2005 fikk det navnet Språkrådet. De viktigste sakene i 2006 har hatt med omdanningen å gjøre. Interimsstyrets kommentarer til den språkpolitiske utredningen fra oktober 2005 – *Norsk i hundre!* – ble oversendt departementet i mars 2006. I april fikk Språkrådet nye vedtekter, og nytt styre ble oppnevnt av Kultur- og kirke departementet i juli. Tora Aasland ble ny styreleder.

Den viktigste organisatoriske beslutningen var å opprette fire eksterne fagråd, som skulle erstatte den gamle rådsforsamlingen i Norsk språkråd. Internt i sekretariatet pågikk det et arbeid for å vurdere endringer i organiseringen av staben.

Språkrådet hadde formannskapet i Nordens språkråd i 2006.

Årsmeldingen er skrevet dels på bokmål, dels på nynorsk.

Oslo, 20. mai 2007

Tora Aasland  
styreleder

Sylfest Lomheim  
direktør

# Tilbakeblikk og utsyn



© Tor G. Stenersen, Aftenposten

Sylfest Lomheim har vore direktør i Språkrådet sidan 1. januar 2004.

**F**RÅ 2004 har arbeidet i Språkrådet følgt to spor – det eine har vore å halda fram arbeidet med dei viktige, etablerte oppgåvene, det andre har vore prosessen med å omdanna Språkrådet.

Lov om Norsk språkråd vart oppheva frå 1. januar 2005, og den nye institusjonen – som seinare fekk namnet Språkrådet – tok straks over.

Omdanninga av Språkrådet har gått i to fasar, ein språkpolitisk og ein organisatorisk. Den språkpolitiske starta ved at interimstyret hausten 2004 oppnemnde eit utval som skulle drøfta grunnlaget for ein ny norsk språkpolitikk. Utgreiinga *Norsk i hundre!* vart offentleggjort i oktober 2005. Interimsstyret sluttbehandla dokumentet i februar 2006 og sende det i mars saman med sine merknader til Kultur- og kyrkjedepartementet. I 2007 skal så departementet leggja fram ei stortingsmelding om språk.

Den organisatoriske fasen tok til våren 2005 ved at interimstyret drøfta korleis ein skulle sikra samfunnsforankringa av Språkrådet. Ein landa på ein struktur med fire eksterne fagråd. Mandata for fagråda vart vedtekne på det siste møtet til interimstyret i juni 2006.

I juli oppnemnde departementet det første ordinære styret i Språkrådet. Styret peika ut medlemmer til fagråda, 24 i alt, hausten 2006. Fagråda tek til med arbeidet i 2007.

## Målet med omdanninga

Det overordna målet for omdanninga av Språkrådet er å vedta ein politikk og å etablere ei organisering som best mogleg kan tena til å styrkja norsken stilling i det norske samfunnet. Då blir det liten tvil om kva som må bli viktige arbeidsmål: vera synleg for publikum, ha god samfunnskontakt, gje råd og rettleiing til det offentlege og det private, påverka haldningane til bruken av norsk. Difor vedtok styret i desember 2006 at satsinga på informasjonsarbeid må få ein større plass i Språkrådet i åra som kjem.

Nokre hovudpunkt i merknadene til *Norsk i hundre!* som interimstyret sende Kultur- og kyrkjedepartementet i mars 2006:

- Måla for det nye Språkrådet bør utformast gjennom ei lov med forskrift, som då blir eit lovfest uttrykk for ein ny språkpolitikk.
- Det er avgjerande at språkpolitikken blir forankra i Stortinget og regjeringa, ikkje berre hos Kultur- og

kyrkjedepartementet som fagdepartement.

- Barnehagane er viktige språkstrategiske område, sidan dei grunnleggjande haldningane – også til norsk språk – blir utvikla i ung alder.
- Gjennomføringa av politikken bør rapporterast til Stortinget gjennom ei fast stortingsmelding, der ein òg kan ta inn dagens mållovsmelding.

### **Vedtekter for Språkrådet**

I april 2006 vedtok departementet nye vedtekter for Språkrådet. Vedtektene fastset føremål og oppgåver for Språkrådet, rammer for verksemda, samansetting av styret og fagråda og oppgåver for styret og fagråda. Paragraf 1 fastset at Språkrådet skal vera det statlege fagorganet i språkspørsmål, og at det særleg skal arbeida med å styrkja status for det norske språket no og i framtida og forvalta dei to målformene. Språkstyrkingsarbeidet skal omfatta både norsk språk generelt og den nynorske målforma spesielt. Departementet har utarbeidd eit dokument med merknader til dei einskilde føresegnene.

### **Nytt styre**

Vedtektene avløyste det mandatet departementet hadde gjeve interims-

styret i mai 2004. Interimsstyret heldt likevel fram med å fungera til departementet hadde oppnemnt det nye styret, og hadde det siste møtet sitt 13. juni. Det første ordinære styret for Språkrådet vart oppnemnt 3. juli. Departementet nemnde opp tre styremedlemmer og ein varamedlem for kvar målform. Dei tilsette valde ein medlem med varamedlem frå sekretariatet. Styreperioden varer ut 2009. Dei to frå sekretariatet byter på å vera halve perioden medlem og varamedlem.

### **Fire fagråd**

Mandata for dei fire fagråda vart vedtekne av interimsstyret i juni. Fagråda skal ikkje vera organ for saksbehandling, men skal fungera som forum for strategiske drøftingar på sine saksområde. Saksområda er desse: samfunn og høgre utdanning, skule og offentleg forvaltning, normering og språkoobservasjon, terminologi og fagspråk. Kwart råd har seks medlemmer utanfrå, den sjuande kjem frå sekretariatet og skal også vera sekretær for rådet og bindeledd til dei i sekretariatet som arbeider med det same fagområdet. Det er utarbeidd retningsliner for arbeidet i fagråda og for samarbeidet mellom sekretariatet og fagråda.

### **Omorganisering av sekretariatet**

I mars 2006 vart det halde eit halvdagsseminar for dei tilsette om omorganiseringa av sekretariatet under leiing av ein organisasjonspsykolog. Deretter vart det oppnemnt ei arbeidsgruppe med tre tilsette frå sekretariatet og organisasjonspsykologen som medlemmer. I rapporten, som vart lagd fram i september, vart det gjort greie for fire modellar. Dei tre medlemmene frå sekretariatet gjekk inn for ein modell utan faste indre faggrupper, men med ein fagsjef som i størst mogleg grad skulle organisera arbeidet som prosjekt. Fleirtalet av dei tilsette som uttala seg, gjekk inn for den same modellen. Til styrebehandlinga i november tilrådde direktøren ein modell med tre indre faggrupper. Styret følgde tilrådinga frå direktøren. Men etter forhandlingsbrot og mekling i februar og mars 2007 vart det valt andre løysingar.

### **Arbeidet vidare**

2007 kjem til å bli det første året der den nye organisasjonen fungerer i full breidd. Det blir eit spennande språkpolitisk år, ettersom stortingsmeldinga om norsk språk blir send til Stortinget. Elles vonar Språkrådet i løpet av våren å sikra språkteknologisk materiale etter

konkursen i Nordisk Språkteknologi (NST), slik at dette kan gå inn som ein del av ein framtidig norsk språkbank. Til hausten tek Språkrådet sikte på å arrangera ein dagskonferanse, førebels kalla Språkdagen. Det er meininga at konferansen skal vera eit årvisst arrangement med utdeling av ein språkpris.

### **Interimsstyre juni 2004–juni 2006**

Tove Kristin Karlsen (leiar)  
Marit Eikemo  
Jan Olav Fretland  
Tor Fuglevik  
Ola Haugen  
Øyvind Østerud  
Magni Øvrebotten

### **Styre juli 2006–2009**

Tora Aasland (leiar)  
Magni Øvrebotten (nestleiar)  
Ola Breivega / Jan Hoel (valde mellom dei tilsette)  
Jan Olav Fretland  
Tor Fuglevik  
Ottar Grepstad  
Silje Solheim Karlsen

Varamedlemmer:

Lars Rottem Krangnes (for nynorskrepresentantane Øvrebotten, Fretland og Grepstad)

Helene Uri (for bokmålsrepresentantane Aasland, Fuglevik og Solheim Karlsen)

I perioden 2006–2007 er Breivega medlem og Hoel varamedlem.

I perioden 2008–2009 er Hoel medlem og Breivega varamedlem.

# Rådgivning og informasjon

## Rådgivning

Sekretariatet i Språkrådet svarer på mange spørsmål som kommer i e-post, på telefon og i brev. Særlig e-post-rådgivningen er blitt en viktig del av tjenestetilbudet til publikum. I 2006 ble det svart på omtrent 3800 e-poster, en liten økning fra 2005. Det ble svart på 3200 telefoner med spørsmål, omtrent like mange som i 2005.

De som henvender seg til sekretariatet med spørsmål, er privatpersoner og folk som arbeider i offentlig forvaltning, i forlag, i reklamebransjen og i næringslivet ellers. En del elever og studenter ringer og skriver, dessuten lærere og journalister.

Språkrådet satte i 2006 i gang et forberedende arbeid for å bygge opp en spørsmålsdatabase på grunnlag av avgitte svar. Formålet er både å gjenbruke tidligere svar og slik effektivisere svartjenesten og å gi publikum et bedre tilbud. I første omgang går arbeidet ut på å sortere svarmaterialet i kategorier som kan være søkeinn ganger i databasen.

## Nettsider

I 2006 hadde nettstedet til sammen 1 250 000 besøk av 485 000 enkeltbrukere. I 2005 var de tilsvarende tallene 690 000 og 340 000. Ved vurderingen av disse tallene må en ta hensyn til at



© Fredrik Bjercknes, Dagsavisen

*Tre turnuslag skifter på å svare på spørsmål. I 2006 fikk Språkrådet rundt 7000 slike spørsmål på telefon eller e-post. På bildet seniorrådgiver Marit Hovdenak i biblioteket.*

over 50 % av de besøkende ikke blir værende, men går ut av nettstedet etter noen sekunder. 80 % er inne mindre enn ett minutt. I snitt er brukerne inne i vel tre minutter og besøker fire nettsider.

I gjennomsnitt er det altså om lag 100 000 besøk i måneden. Størst besøk var det i november, i forbindelse med mediasaken om bruksmåtene for ordet «nordmann», da tallet på besøk kom

opp i 270 000. Mest brukt er Søk i ord-bøker, Skriveregler og grammatikk, det interaktive nynorskkurset Nynorsk.nett.no, For skolen, Leik og lær, Råd om språk, Fra bokmål til nynorsk, Fakta om norsk språk og På godt norsk (avløserord). Søk i AltaVista viser at vel 4 500 nettsteder har lenker til Språkrådets sider. Det er 1 500 flere enn i 2005.

I november 2006 ble det satt i gang arbeid for å gjøre nettstedet bedre tilgjengelig for blinde og svaksynte.

Redaktør for nettsidene er Jon Grepstad.

### Periodiske publikasjoner


*Språknytt* kom i 2006 med fire nummer. Nr. 2 var et temanummer om terminologi og fagspråk. Normalopplaget har vært 25 000. Bladet blir lagt ut i pdf-format og html-format på Språkrådets nettsider. Abonnementet er gratis. Svein Nestor og Åsta Norheim er redaktører.

*Statsspråk – bladet for godt språk i staten* kom i 2006 med ett nummer. Opplaget var 17 000, og abonnementet er gratis. Redaktør er Jostein Stokkeland.


### Andre publikasjoner

Språkrådet gav sammen med Norges handelshøgskole ut rapport fra konferansen «Kan terminologi på norsk bidra

Språkspørsmål 2004, 2005 og 2006



Nettsidestatistikk 2005 og 2006





til økonomisk lønnsomhet?» Rapporten ble publisert i høgskolens fagtidsskrift SYNAPS 18/2006 og er lagt ut på Språkrådets nettsted.

### **Språkspalte i *Norsk læreren* og *Norsk Barneblad***

Språkrådet har en språkspalte i bladet *Norsk læreren*, utgitt av Landslaget for norskundervisning. I 2006 ble det orientert blant annet om saker som Forum for nynorsk i skolen har arbeidet med, om Språkrådets nye vedtekter og organisasjon og om stortingsmeldingen om språk som er ventet i 2007. Det ble også informert om hvilke kriterier som bør legges til grunn ved ordlistekjøp til skolene.

Fram til mai 2006 samarbeidet Språkrådet med *Norsk Barneblad* om en språkspalte i bladet. *Norsk Barneblad* oppfordret leserne (mellom 9 og 14 år) til å stille spørsmål om språk til spalten. En rådgiver i Språkrådet hadde som fast oppgave å svare på spørsmålene.

### **Medieomtale**

MagentaNews' elektroniske nyhetsovervåking fanget i 2006 opp til sammen 595 omtaler av Språkrådet eller Språkrådets direktør. Omtale i riksmidier utgjorde 45 % av de samlede nyhetsmeldingene. De øvrige omtalene fordelte seg

slik: Sør-Norge 2 %, Vest-Norge (13 %), Øst-Norge (25 %), Midt-Norge (8 %) og Nord-Norge (6 %). Prosenttallene må ses i sammenheng med mediestrukturen i Norge. Flest omtaler var det i *Aftenposten* (38), *Dagsavisen* (19), *Dagbladet* (18), *NRK* (15), *Nationen* (11), *Firda* (11) og *Bergens Tidende* (10).

### **Nordmannsaken**

Den saken som vakte størst oppmerksomhet i mediene, var spørsmålet om bruken av ordet «nordmann». Med utgangspunkt i uttalelser fra Språkrådet til magasinet *Ny Tid* 27. oktober oppstod det en debatt i mediene om bruken av ordet. Noen av uttalelsene til *Ny Tid* ble tolket slik at Språkrådet mente «nordmann» innebar at en person var «etnisk norsk». Språkrådet beklaget de uheldige uttalelsene 15. november, og skrev blant annet: «Språkrådet ønsker å understreke at ordet 'nordmann' med rette kan brukes på flere måter. En trenger ikke være 'etnisk norsk' for å kalle seg nordmann eller for å bli kalt nordmann. Etter som det norske samfunnet de siste tiårene har blitt mer mangfoldig, avspeiler dette seg også i betydningene og bruksmåtene til ordet 'nordmann'.»

### **Språkrådet på nettet:**

[www.sprakrad.no](http://www.sprakrad.no)  
[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)  
[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)

# Rettskrivning, ordbøker og ordlister



© Jon Grepstad

## **Bokmålsordboka og Nynorskordboka**

Både *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* foreligger nå i oppdaterte utgaver med rettskrivningsendringene fra 1. juli 2005. *Bokmålsordboka* kom med tredje utgave i 2005. Boka er på 1218 sider og er utgitt av Kunnskapsforlaget. *Nynorskordboka* kom med fjerde utgave i august 2006. Boka er på 1478 sider og er utgitt av Det Norske Samlaget. Begge ordbøkene har med aktuelle nyord. Ordbøkene er utarbeidet ved Universitetet i Oslo i samarbeid med Språkrådet.

## **Norsk ordbank**

Språkrådet er representert i styret for Norsk ordbank, en elektronisk database som består av leksikalske enheter i grunnform tilkoplede alle bøyingsformer for hver enhet, såkalte fullformer.

Norsk ordbank er i dag i bruk i de elektroniske versjonene av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, som er allment tilgjengelige på nettet. Fullformsordlister er solgt til fire firmaer. Det siste salget skjedde i 2006. For forskning er Norsk ordbank fritt tilgjengelig.

I 2006 bestemte partene at fullformsordlistene burde stilles gratis til rådighet under en fri GPL-lisens (General Public License) for å styrke norsk språk og språkteknologi og norske utvikler-

miljøer. På grunn av manglende økonomiske midler har en ikke kunnet oppdatere språkmaterialet etter rettskrivningsendringene i 2005. Derfor sendte Universitetet i Oslo og Språkrådet høsten 2006 en søknad til Kultur- og kirkedepartementet om økonomiske midler til nødvendig oppdatering. Det forelå ikke svar på søknaden ved utgangen av året.

## **Godkjenning av ordlister**

Språkrådet skal i henhold til opplæringsloven § 9-4 godkjenne ordlister til skolebruk og hadde i 2006 tre bokmålsordlister og to nynorskordlister til godkjenning. I 2005 behandlet Språkrådet søknad om godkjenning av ni ordlister for bokmål og fire for nynorsk.

*Bildet: Ordlistene til skolebruk skal godkjennes av Språkrådet. Ingrid Dahlø er en av rådgiverne som kontrollerer ordlistene.*

# Norsk språk og IKT

## Arbeidet med ein norsk språkbank

Det har i lengre tid frå ulikt hald vore arbeidd med planar om ein nasjonal språkbank, dvs. ei samling språkressursar som mellom anna kan nyttast i språkteknologiske produkt. Språkteknologi er dataprogram eller modular i dataprogram som behandlar naturleg språk.

I 2002 koordinerte Norsk språkråd på oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet og Nærings- og handelsdepartementet ei utgreiing om behovet for og finansiering av ei samling norske språkressursar. Men til no har Stortinget ikkje prioritert ei slik samling. Språkrådet ser på ein norsk språkbank som ein nøkkelinstitusjon i arbeidet med å sikra bruken av norsk i det norske samfunnet.

I juni 2006 bad departementet Språkrådet gje ei oppdatering av situasjonen. I august sende Språkrådet eit fyldig notat om saka. Eitt av punkta galdt eksisterande språkressursar som må sikrast, først og fremst ressursane etter Nordisk Språkteknologi (NST) på Voss.

I oktober vart IBM, Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen og NTNU i Trondheim inviterte til Språkrådet.

Temaet var eit mogleg kjøp av ressursane i NST, som ei første investering i ein framtidig språkbank. I desember var finansieringsplanen klar, og avtale om kjøp vart inngått like før nyttår. Ein første grunnstein i det som bør bli ein nasjonal språkbank, er dermed lagd, med dei tre universiteta, IBM og Språkrådet som initiativtakarar.

Målet er at stortingsmeldinga om språk, som kjem i 2007, skal følgja opp saka.

## Rosings språkpris

Rosings språkpris vart 20. november tildelt stiftinga «Åpne kontorprogram på norsk». I grunngjevinga skriv juryen: «Juryen har valt å premiera eit IT-miljø som gjennom stor dugnadsinnsats, høg fagkunnskap og utbreitt prosjektsamarbeid har fått fram eit kontorstøtteprogram på norsk, bokmål og nynorsk, som er brukarvennleg og har høg språkleg kvalitet.» Rosings språkpris er eit samarbeidstiltak mellom Språkrådet og Den Norske Dataforening. Prisen vart skipa i 2002 og blir gjeven for godt norsk språk i IKT-samanheng. Leiar for juryen i 2006 var Jan Olav Fretland frå styret i Språkrådet.



© David Trood / Samfoto

# Skole og undervisning



© Mikael Andersson / Mira / Samfoto

## Forum for nynorsk i skolen

Forum for nynorsk i skolen hadde to møter i 2006, i mars og juni. Ett resultat fra møtene var et informasjonsskriv fra Utdanningsdirektoratet til alle grunnskoler og skoleeiere i landet om elevenes lovfestede rett til læreverker på

den målformen de selv ønsker. Læreverkene skal være tilgjengelige på nynorsk og bokmål samtidig. Det er skoleeierens ansvar å følge opp opplæringsloven ved bare å bruke bøker som finnes i parallellutgaver. Men dette er fremdeles ikke allment kjent eller prioritert blant skoleeierne.

Skrivet viser også til direktoratets landsdekkende spørreundersøkelse som viser at tidlig start med sidemålsundervisning og variert skrivetrening er viktig for å lære nynorsk som sidemål. Det blir pekt på at elevene lærer mer om de får anledning til å møte nynorsk i mange fag og ulike sjangrer. Derfor oppfordres lærerne til å kjøpe inn mer nynorsk litteratur til skolebibliotekene, og det blir tilrådd at elevene får bruke nynorsk også utenom norskfaget.

Forum for nynorsk i skolen har ellers fungert som referansegruppe for arbeidet med en nasjonal strategiplan for nynorsk i opplæringen. Planen skal ta opp både situasjonen til elever med nynorsk som opplæringspråk, sidemålsundervisningen og lærerutdanningen. Strategiplanen springer ut av rapporten *Framtidas norskfag* fra januar 2006, utarbeidet av en arbeidsgruppe nedsatt i 2005 av det daværende Utdannings- og forskningsdepartementet.

### **Kravet om språklig parallellitet i lærebøker og andre læremidler**

Utdanningsdirektoratet inviterte 7. februar til et møte om kravet om språklig parallellitet i lærebøker og andre læremidler. Sammen med Språkrådet møtte representanter for Den norske Forleggerforening og uavhengige forlag, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa og Noregs Mållag. Utgangspunktet var at Utdanningsdirektoratet våren 2006 skulle sette i gang et utredningsarbeid om de utfordringer Kunnskapsløftet innebar når det gjaldt kravet om språklige parallellutgaver. Møtet drøftet juridiske spørsmål knyttet til parallellutgivelser, erfaringer med gjeldende kriterier for hva som faller innenfor læremiddelbegrepet, og erfaringer med fellesspråklige utgivelser og med gjeldende regelverk for tilskudd til parallellutgivelser og fellesspråklige utgivelser. Språkrådet tok blant annet opp det forhold at nynorske ordbøker er blitt dyrere enn bokmålsordbøker, og stilte spørsmål om ikke nynorske ordbøker bør få tilskudd fra staten.

### **Høringsuttalelser**

Språkrådet avgav i 2006 høringsuttalelser til tre forslag til læreplaner i Kunnskapsløftet og én i høringsrunden om

endring av forskriftene i opplæringsloven.

I høringen til læreplan i fordypning i norsk konkluderte Språkrådet med at planen i liten grad inneholdt kompetansemål som pekte i retning av *fordypning* som arbeidsmåte og læringsprosess. Læreplanen kunne leses som et bidrag til å øke timetallet i det ordinære norskfaget, snarere enn som et tilbud om faglig fordypning for de elevene som ikke skulle ønske å lære et andre fremmedspråk. Høringsinstansene ble bedt om å ta stilling til en eventuell sammenslåing av fordypningsplanen i engelsk og norsk. Språkrådet ønsket ikke å tilrå en slik sammenslåing. Språkrådet mente at dersom utdanningsmyndighetene ønsket å tilby elevene utvidet språkkunnskap som kunne komme til nytte i både norsk- og fremmedspråkoplæringen, burde det opprettes et språklig (allmennlingvistisk) «støttefag». Undervisningen ville måtte foregå på norsk med innlæring av norskspråklig terminologi, men hensikten ville være å gi innblikk i flere språk samtidig. Elever med ulik språkbakgrunn ville kunne bidra mye i undervisningen.

Når det gjaldt forslaget til læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter, var Språkrådet kritisk til

### **Forum for nynorsk i skolen**

Forumet ble opprettet av Utdanningsdirektoratet i desember 2005. Formålet er gjensidig informasjon og samarbeid slik at det kan utvikles en mer helhetlig nynorsksatsing i skolen. Deltakere er Landssamanslutninga av nynorsk kommunar, Litteraturselskapet Det Norske Samlaget, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Noregs Mållag, Nynorsk kultursentrum, Språkrådet og Utdanningsdirektoratet.



© Mikael Andersson / Mira / Samfoto

at faget la opp til vurdering uten karakter. For elevenes del er det viktig å sikre dokumenterte norskkunnskaper i arbeidslivet senere, mente Språkrådet. Videre hevdet Språkrådet at karakterer ville være viktig for å stimulere til systematisk opplæring, og det ville styrke legitimiteten til faget og sikre en god overgang til det allmenne norskfaget, som har vurdering med karakter.

I høringsuttalelsen til norsk for elever med samisk som førstespråk uttalte Språkrådet at det var i strid med opplæringsloven at elevene etter planen skulle lese tekster på enten nynorsk eller bokmål. Selv om elevene er fritatt for vurdering i sidemål, skal de lese tekster på begge målformer, understreket Språkrådet. Videre mente Språkrådet at planen i for liten grad la opp til refleksjon rundt tospråklighet i det norske og det samiske samfunnet. «Vi mener dessuten at det nordiske perspektivet bør føres inn i kompetansemålene, både fordi det skandinaviske språkfelleskapet har interesse også for samiskspråklige elever som en 'indre' språk- og kulturkrets under globaliseringen, og fordi samene bor i tre nordiske land», skrev Språkrådet.

I høringsuttalelsen til forskriftene til opplæringsloven pekte Språkrådet på at

forskriftene burde endres slik at det i tiden framover blir faktisk kompetanse i norsk som blir avgjørende for om elever som har hele skolegangen sin i Norge, skal få fritak for vurdering i sidemål, ikke om elevene har et utenlandsk opphav eller ellers er tospråklige. Når det gjaldt kravet om språklig parallellutgave, så Språkrådet det som positivt at unntaket for «administrativ programvare» (kontorstøtteprogram) i § 17-3 ble opphevet. Språkrådet har arbeidet for dette siden slutten av 1990-årene.


# Høgre utdanning og forskning

**B**RUK AV norsk, engelsk og andre språk ved universiteta og høyskulane har vore eit prioritert område for Språkrådet dei siste åra. Dette er ein sektor der det kan dokumenterast at det blir nytta meir engelsk og mindre norsk no enn før i mange fag. Utgreiinga *Norsk i hundre!* frå 2005 peika på denne sektoren som eit område der norsk språk kan li domenetap.

I 2006 var det fleire debattar om dette temaet, særleg om systemet for forskingsfinansiering, som mange meiner fremjar bruk av engelsk språk i vitenskapleg publisering slik at norsk blir sett til side.

Universitets- og høyskolerådet har teke tak i slike problemstillingar på brei basis, og eit utval nedsett av rådet la i juni 2006 fram dokumentet «Framlegg til ein språkpolitikk for universitet og høyskolar i Noreg», med forslag om nasjonale språkpolitiske retningslinjer for heile sektoren. Dokumentet vart sendt til høyring, og det er venta at rådet kjem til å vedta ei språkpolitisk plattform for universitets- og høyskulesektoren i 2007.

Utvalet skriv mellom anna at sektoren skal ha eit viktig ansvar for utvikling og bruk av norsk fagspråk i alle fagmiljø, og rår til at institusjonane lagar



© Robert Bråthen / Samfoto

strategiar som sikrar parallellspråklegheit mellom norsk og engelsk som fagspråk. Det heiter òg at undervisningsspråket normalt skal vera norsk og bør vera norsk dei to første studieåra, og at institusjonane bør fremja norsk som forskingsspråk der det er føremålstenleg. Formidling til den norske og nordiske ålmenta bør gå føre seg på norsk, og administrasjonsspråket ved universiteta og høyskulane bør vera norsk også i framtida.

## Språkpolitiske utgreiingar

Universitets- og høgskolerådet, Universitetet i Oslo og Universitetet i Bergen har lagt fram utgreiingar om språkpolitiske retningsliner dei siste par åra. Utgreiingane kan lesast her: [www.sprakrad.no/uih](http://www.sprakrad.no/uih)

Men alt no blir det arbeidd med dei same problemstillingane fleire stader. Universitetet i Stavanger har hatt visse språkpolitiske retningsliner. Og alt før utgreiinga til Universitets- og høgskolerådet låg føre, hadde Universitetet i Oslo fått laga si eiga utgreiing, som inneheldt mange tilrådingar. I Oslo skal dei – etter at denne utgreiinga no har vore på ein intern høyringsrunde – laga ein språkpolitisk tiltaksplan som er så konkret som råd. Det er òg i emning eit tilsvarende språkstrategisk utviklingsarbeid ved andre universitet, mellom anna i Bergen.

Kva som går føre seg ved dei ymse høgskulane, statlege og private, er derimot ikkje klart, men det var etter måten få høgskular som uttala seg under høyringsrunden til Universitets- og høgskolerådet. Spørsmålet om norsk eller andre språk står likevel sentralt ved mange slike lærestader, og ein må vona at også dei tek opp arbeidet med å utvikla ein språkpolitikk, slik utvalet i Universitets- og høgskolerådet har gjort framlegg om.

Det er viktig at det konstruktive arbeidet som ein no ser, blir følgt opp og utnytta slik at det på lengre sikt verkeleg fester seg eit nytt medvit om dei språkpolitiske sidene ved akademisk verksemd i så mange fagmiljø som råd.

Ein kan ønskja at språkpolitisk interesse i universitets- og høgskulesektoren held saka varm i åra framover, til det er kome på plass ein meir permanent og framtidsretta språkpolitikk ved institusjonane.

Språkrådet hadde i 2006 òg møte med leiinga i Noregs forskingsråd om språkpolitiske sider ved verksemda til Forskringsrådet. Bakgrunnen var mellom anna at det no blir kravd at søknader om forskingsstøtte innanfor fleire programområde enn før må skrivast på engelsk. Signala frå Forskringsrådet var positive på møtet, og rådet skal arbeida vidare med saka.



# Terminologi og fagspråk

**T**ERMINOLOGIGRUPPA til Språkrådet, som vart oppnemnd i november 2004, vart lagd ned tidleg i 2006, fordi det då var venta at dei nye fagråda ville bli klare same våren.

Sekretariatet arbeidde i 2006 med ulike oppgåver på området. *Språknytt* nr. 2/2006 vart gjeve ut som eit tema-nummer om terminologi og fagspråk. I samarbeid med Noregs handelshøgskole (NHH) i Bergen vart det i mars gjeve ut ein rapport frå ein felles konferanse i Bergen hausten 2005. Rapporten *Kan terminologi på norsk bidra til økonomisk lønnsomhet?* er trykt i nr. 18/2006 av instituttserien SYNAPS, som Institutt for fagspråk og interkulturell kommunikasjon ved NHH er ansvarleg for. Sekretariatet har også halde foredrag og hjulpt til med rådgjeving i ymse miljø som er opptekne av eller arbeider med terminologispørsmål.

Språkrådet har formannskapet i det nordiske terminologisamarbeidet fram til juni 2007. Funksjonsperioden blir avslutta med eit regelbunde toårleg nordisk terminologiarrangement, som denne gongen skal haldast i Bergen i midten av juni og omfattar både eit ein dagskurs og ein konferanse. Språkrådet er hovudansvarleg for arrange-



© Svein Erik Dahl / Samfoto

mentet, men samarbeider tett med tilsette ved NHH, Aksis/Unifob og

Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen.

# Lov om målbruk i offentlig teneste



© David Trood / Samfoto

**S**PRÅKRÅDET har sidan 1994 hatt ansvar for å føra tilsyn med oppfølging av lov om målbruk i offentlig teneste når det gjeld statsorgan under departementsnivå. 122 av 156 statsorgan leverte rapport for 2005. 34 statsorgan hadde 25 % nynorsk eller meir i papirtilfang på 1–10 sider, 30 statsorgan hadde 25 % nynorsk eller meir i tilfang på over 10 sider.

Når det gjeld nettstader, tyder søk i Google på at 14 statsorgan i mars 2006 hadde 25 % nynorsk eller meir. Det vart søkt på ordpara «ikkje/ikke» og «frå/fra» etter formelen: søkjeord site:domene. Tala må tolkast kritisk både når det gjeld reliabilitet og validitet. På den eine sida kan det variera kor djupt ned i nettstadene Google går. Og på den andre sida kan det vera at ikkje alt tilfang som ligg på ein nettstad, kjem inn under mållova. I Den norske kyrkja, i undervisningsverksemd og i rettsstellet gjeld mållova berre den administrative delen av verksemda. Somme nettstader omfattar regionale avdelingar, som anten har tenestemål eller er språkleg nøytrale. Vidare kan nettstadene ha tilfang laga av andre, og der nettstaden sjølv ikkje har ansvar for målforma.

Det vart rapportert om 1809 skjema. 866 låg føre berre på bokmål, 61 berre på nynorsk.

Dei statsorgana som ikkje oppfyllte krava i mållova, fekk pålegg om å utarbeida tiltaksplanar etter ein mal laga av Språkrådet. 100 statsorgan leverte slike planar, og det vart gjeve tilbakemelding på planane. Planane omfattar

dei ulike kategoriane tilfang, plassering av ansvar, rutinar og tidsfristar.

Det overordna målet er at så godt som alle statsorgan ved byrjinga av 2008 skal oppfylle krava i mållova, slik det er fastsett i rundskriv V-14/2006 frå Kultur- og kyrkjedepartementet. Rundskrivet byggjer på St.meld. nr. 7 (2005–2006) og stortingsbehandlinga av meldinga.

I 2006 vart det utarbeidd nytt rapportskjema. Skjemaet finst berre elektронisk og integrerer betre enn før reglane i mållova og rettleiing om korleis skjemaet skal fyllast ut.

**D**EI VIKTIGASTE utoverretta tiltaka dei neste åra vil vera dei som er varsla i dei to siste mållovsmeldingane: eit satsingsprosjekt for styrking av nynorsk i staten der den nye språkkonsulenttenesta for staten spelar ei viktig rolle. I rapporten til Kultur- og kyrkjedepartementet frå november 2005 peika Språkrådet vidare på at det må opnast for sanksjonar.

I St.meld. nr. 7 (2005–2006) frå desember 2005 stiller regjeringa opp som mål at det store fleirtalet av statsorgan innan to år skal dokumentera minst 25 % nynorsk i informasjonstilfang på papir og på nettsider.

## Frå rundskriv V-14/2006 frå Kultur- og kyrkjedepartementet

I stortingsmeldinga [St.meld. nr. 7 for 2005–2006] varslar regjeringa auka innsats for å fremja nynorsk målbruk i staten. Ambisjonen er at statsorgana innan eit par år skal kunna dokumentera minst 25 pst. nynorsk, slik regelverket krev.

Derfor gir no regjering og storting klar beskjed til statlege leiarar på alle nivå om at reglane for målbruk i staten skal etterlevast. Å sjå til at dette skjer, er ei tenesteplikt på linje med andre embets- og tenesteplikter. Hovudansvaret kviler på den øvste leiaren i kvart enkelt statsorgan.

Regjeringa peikar i meldinga på at målbruks-


reglane er ein del av dei grunnleggjande saksbehandlingspliktene i staten. Det er ikkje høve til å sjå bort frå slike reglar eller over tid prioritera dei ned fordi andre omsyn kan kjennast meir presserande i det daglege. Dette har med overordna planlegging av verksemda å gjera. Lang erfaring viser at positive haldningar og aktiv oppfølging på leiar nivå er ein avgjerande føresetnad for suksess i arbeidet med språkleg jamstilling i staten.

Konklusjonen i stortingsmeldinga er at regjeringa no ventar at alle statlege leiarar tek på seg det ansvaret dei har, og gir eit klart signal internt i eigen organisasjon om at målbruksreglane skal følgjast til punkt og prikke. Dette har Stortinget slutta seg til.

Vi ber alle statsorgan gå gjennom måljamstill-

ingsarbeidet sitt. I første omgang må ein prioritera å koma opp i minst 25 pst. nynorsk i det informasjonstilfanget som blir lagt ut på Internett. Det er i stortingsmeldinga vist til at nettstaden eller heimesida på mange måtar er det andletet som institusjonen viser fram for omverda. Her er det derfor særleg viktig at den nynorske målforma er godt synleg. Skal vekslinga mellom nynorsk og bokmål fungera, må ein ha interne koordinerings- og registreringsrutinar som gjer at ikkje alle aktuelle dokument meir eller mindre automatisk blir skrivne på bokmål. Slike rutinar må vera konkrete og operasjonelle, og dei må kombinerast med eit oppfølgingsystem som gjer at dei fungerer også i praksis.

### Statsorgan med 25 % nynorsk eller meir 1994–2005



## Frå Innst. S. nr. 98 (2005–2006)

Fleirtalet vil streke under at oppfølging av reglane i mållova er eit ansvar for leiarar på alle nivå i staten, på linje med andre embets- og tenesteplikter.

Fleirtalet er særskilt nøgd med dei tydelege signala om at ein no skal prioritere arbeidet med oppfølging av mållova sterkare. Kultur- og kyrkjedepartementet varslar at i løpet av eit par år bør det store fleirtalet av statsorgan kunne dokumentere minst 25 % nynorsk. Fleirtalet støttar dette målet.

Fleirtalet er vidare samd i departementet si prioritering av arbeidet med å rydde opp på dei statlege heimesidene på Internett, der mykje tyder på at det er enda dårlegare stelt med måljamstillinga enn elles.

# Språktenesta for statsorgan



© Lars Aarønes

Frå lanseringa av språktenesta 20. september 2006. Statsråd Trond Giske saman med (frå venstre) rådgjevar Aud Anna Senje, rådgjevar Bård Eskeland og seniorrådgjevar Ola Breivega.

**S**PRÅKTENESTA FOR STATSORGAN vart offisielt lansert på ein konferanse i regjeringskvartalet i Oslo den 20. september 2006 med kultur- og kyrkje- minister Trond Giske som hovudtalar. Til stades i salen var om lag 80 leiarar og informasjonsmedarbeidarar frå sentrale statsorgan. Den første rådgjevaren i språktenesta hadde då vore i arbeid sidan desember 2005. I 2006 fekk tenesta to nye rådgjevarar, og i 2007 skal det tilsetjast to rådgjevarar til.

Språktenesta skal fremja eit klarare og betre språk i staten og arbeida for ei

jamnare fordeling av bokmål og nynorsk i samsvar med lov om målbruk i offentleg teneste. På det siste området skal språktenesta samarbeida nært med tilsynstenesta i Språkrådet. Sentrale arbeidsoppgåver er kurs, rådgjeving og utarbeiding av rettleingsmateriell. I ein viss mon kan tenesta òg ta på seg språkvask og omsetjing av særleg viktige dokument frå bokmål til nynorsk.

Sidan lanseringskonferansen har språktenesta vurdert fleire statlege nettstader og hatt oppfølgingsmøte med informasjonsmedarbeidarar. I tillegg til

slike møte har statsorgana fått skriftleg tilbakemelding i form av statusrapportar om språkbruken på nettstadene. Språktenesta har innleidd eit samarbeid med Domstoladministrasjonen om malar for Lovisa (det nye saksbehandlingssystemet for tingrettar og lagmannsrettar) og har hatt fleire møte med redaksjonen i nettportalen Noreg.no, som vurderer kvaliteten på statlege nettstader.

Språktenesta ønskjer å sertifisera eksterne språkkonsulentar som statsorgana kan visast til når dei ber om tenester som rådgjevarane sjølve ikkje har kapasitet til å tilby (t.d. språkvask av store dokument). I 2006 har språktenesta arrangert éin sertifiseringstest for bokmål og éin for nynorsk, med om lag 30 deltakarar på kvar test. Mange interesserte står på venteliste, og tanken er å halda fram med å sertifisera språkkonsulentar til behovet er dekt.

Dei viktigaste oppdragsgjevarane til språktenesta har vore Domstoladministrasjonen, Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Mattilsynet, Noreg.no, Riksantikvaren, Sosial- og helsedirektoratet, Statens helsetilsyn, Stortinget og Utlendingsdirektoratet.

# Stadnamn



© Bjørn Rørslett / NN / Samfoto

**S**TADNAMNTENESTA I SPRÅKRÅDET er delt inn i fire regionar, slik at det er to konsulentar (ein for nynorsk og ein for bokmål) i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø. Konsulentane er oppnemnde

for seks år om gongen, og har sekretærar i faste stillingar som førebur og ekspederer sakene. I tillegg er det ein konsulent i fast stilling for kvenske namn i Nord-Noreg. Det er også konsulentar

for samiske stadnamn. Disse høyrer inn under språkavdelinga i Sametinget, og sekretæren er plassert i Kautokeino.

Stadnamntenesta er ein rådgjevande instans utan vedtaksmynde.

Hovudoppgåva er å gje råd og rettleiing om skrivemåten av stadnamn etter reglane i lov om stadnamn. Vedtak om skrivemåte blir i hovudsak gjorde av kommunane eller Statens kartverk, og vedtaka kan påklagast til klagenemnda for stadnamnsaker. Tenesta skal vidare gje råd om namnsetjing og informera om stadnamnlova, om stadnamn og stadnamnbruk.

Dei regionale stadnamntenestene har gjeve tilråding om skrivemåten av omkring 5000 stadnamn i 2006. Dette tallet har vore stabilt dei siste åra. Arbeidet med å behandla ferdig restansesaker har halde fram.

Stadnamntenesta har eigen nettstad: [www.stadnamn.org](http://www.stadnamn.org) eller [www.stedsnavn.org](http://www.stedsnavn.org). Nettstaden informerer om stadnamnlova, om avdelingane i stadnamntenesta og om saksgangen i namnesaker. Nettstaden har også aktualitetsstoff og artiklar om stadnamn.

Klagenemnda for stadnamnsaker har hatt eitt møte.

**U**TKAST TIL forskrift og rettleiing til forskrifta vart sende ut på høyring i mars 2006. Språkrådet og stadnamn-

tenesta sende kvar sine høyringsfråsegner, og i tillegg sende stadnamntenesta i Nord-Noreg og den kvenske stadnamntenesta eigne fråsegner. Språkrådet seier mellom anna at når det gjeld namn på historiske personar brukte i stadnamn, må ein følgja dei offisielle reglane for skrivemåten. Eit viktig punkt i fellesfråsegna frå stadnamntenesta gjeld val av skriftform når skrivemåten ikkje er behandla etter lov om stadnamn. Stadnamntenesta seier at forskrifta bør innehalda reglar som gjer at det offentlege ikkje kan bruka skrivemåtar som klart er i strid med normeringsreglane. Stadnamntenesta i Nord-Noreg ber om at det må koma inn i forskrifta at private utbyggjarar som namnset prosjekt som seinare vil gå inn i det offentlege adressesystemet, er pliktige til i samarbeid med kommunen å følgja stadnamnlova. Fråsegna frå den kvenske stadnamntenesta tek opp reglane om bruk av fleirspråklege namn. Tenesta meiner at formuleringane i høyringsutkastet ikkje er i samsvar med formålsparagrafen i lova, der det mellom anna heiter at lova skal sikra omsynet til samiske og kvenske stadnamn. Forskrifta med rettleiing vart vedteken i juni 2007.

## Endringar i stadnamnlova

Det vart vedteke endringar i stadnamnlova i 2005, og den reviderte lova tok til å gjelda 1.8.2006.

Dei viktigaste endringane i den nye lova er:

- enklare og raskare saksbehandling
- ny formålsparagraf
- fleire definisjonar av viktige omgrep i lova
- nye reglar om namnsetjing
- endringar i reglane om fleispråklege stadnamn
- endringar i reglane om bruk av stadnamn
- ny regel om gjenopptaking av saker
- endringar i klagereglane

## Stadnamntenesta på nettet:

[www.stadnamn.org](http://www.stadnamn.org)  
[www.stedsnavn.org](http://www.stedsnavn.org)

# Nordisk samarbeid

## Nordens språkråd

Nordisk ministerråd opprettet Nordens språkråd i 2004. Sylfest Lomheim fra Språkrådet var leder høsten 2006, den andre norske representanten var Borghild Abusland fra Kunnskapsdepartementet.

En viktig sak for Nordens språkråd har vært arbeidet med en felles nordisk språkdeklarasjon om språkpolitikk, som i 2006 ble vedtatt av de nordiske utdanningsministrene. Deklarasjonen tar blant annet sikte på å styrke nabo-språkundervisningen i skolen og gjøre de nordiske språkene mer synlige i Norden, blant annet på film og TV. Et annet mål er å utvikle flere internordiske ordbøker, både elektroniske og papirbaserte.

Andre viktige saker har vært arbeidet med en ny versjon av den nordiske språkkonvensjonen, som nå også skal omfatte rettighetene til personer med færøysk, grønlandsk og samisk som morsmål.

En rapport om strategi for nordisk språkteknologi de neste ti årene ble fullført og likeledes en rapport om synet på praktiseringen av parallellspråk på universiteter og høyskoler. Det ble videre arbeidet med en nordisk nettordbok. På møtet i desember ble det delt ut vel

© Olav Urdahl, Aftenposten



sju millioner til nordiske tiltak og prosjekter. Det ble dessuten bestemt at en ekstrasbevilgning til en målrettet innsats for grannespråkforståelsen skulle gå til kurs for lærere. Målet er å etablere nordiske språkpiloter innen skole og lærerutdanning i Norden. Det ble også gitt en ekstrasbevilgning til utarbeidelse av en nordisk fagspråklig bibliografi. Arbeidet ble påbegynt høsten 2006. Det årlige nordiske språkmøtet ble holdt i september i Selfoss på Island. Temaet var mediespråk.

*Det eldste trykte kartet over Norden som vi kjenner til. Fra benediktinermunken Nicolaus Germanus' bearbeidelse av Klaudios Ptolemaios' geografiske oppteignelser, trykt i Ulm 1482. Kartet finnes i Nasjonalbibliotekets kartsamling.*

## Nettverk for språknemndene i Norden

Språknemndene i de nordiske landene har alle en kontaktperson for det nordiske samarbeidet. I Språkrådet fungerte Torbjørg Breivik som nordisk sekretær fram til september 2006. Da overtok Rikke E. Hauge denne funksjonen. Språkrådet har det økonomiske ansvaret for arbeidet i nettverket, som finansieres med midler fra Nordens språkråd. Nettverket hadde ett møte i 2006. Det viktigste emnet var omstruktureringen i språknemndene, som nå foregår i alle de nordiske land. Nettverket har egne nettsider. Sidene blir vedlikeholdt av Språkrådet og redigeres av Rikke E. Hauge.

En konferanse om klarspråk («Godt sprog er klart sprog») ble arrangert i samarbeid med Nordens språkråd i Gilleleje i Danmark i november. Temaet var språket i kommunene. Klarspråk er et prioritert område innenfor det nordiske språksamarbeidet, og dette var den fjerde nordiske klarspråkkonferansen i regi av språknemndene.

## Språk i Norden

Årsskriftet for de nordiske språknemndene, *Språk i Norden*, inneholder blant

annet artikler om emner som har vært oppe på de nordiske språkmøtene. Skriftet har også oversikt over ny språklitteratur og nye ordbøker utgitt i Norden det siste året. Tema for 2006-utgaven var språkpolitikk og språkstrategi. Hovedredaktør i 2006 var Torbjørg Breivik.

## Sluttkonferanse om prosjektet nordisk språkforståelse

Det nordiske prosjektet om internordisk språkforståelse ble avsluttet i 2005, og i 2006 holdt Språkrådet og Nordisk kulturfond en sluttkonferanse om prosjektets resultater, metoder og analyser. Målgruppa var forskere og språkvitere fra universiteter og høyskoler.

## Nordisk arbeidsgruppe for språkteknologi

Arbeidsgruppa for språkteknologi arrangerte en nordisk konferanse i Göteborg høsten 2006 med tittelen «Språkteknologisk infrastruktur i Norden». Konferansen tok blant annet opp språkteknologiens behov for ressurser, opphavsrettigheter, finansiering, erfaringer fra flerspråklig søking og samarbeidet framover.

## Nettsted for språknemndene i Norden:

[www.nordisk-sprakrad.no](http://www.nordisk-sprakrad.no)



# Andre tiltak

## Mastergradsstipend


Språkrådet delte i 2006 ut fire stipend til studentar som skriv mastergradsoppgåve om bruk av engelsk i Noreg eller påverknad frå engelsk på norsk. Kwart stipend var på 20 000 kroner.

Dei studentane som fekk stipend, skriv om haldningar til bruk av engelsk i reklame retta til norske forbrukarar, om bruk av engelske ord i rollespel, om korleis norske flyteknikarar nyttar engelske fagtermar, og om årsaker til særskriving av samansette ord.

Stipenda frå Språkrådet har vore delte ut i nokså mange år no. Dei har vist seg svært nyttige når det gjeld å få fram ny kunnskap om tilhøvet mellom engelsk og norsk. Det har vore delt ut to stipend i året, men i 2006 vart det delt ut fire stipend fordi Språkrådet ønskte å stimulera særskilt til undersøkingar av språkbruken i arbeidslivet og næringslivet. Dette er eit felt der det enno finst lite forskning om språk og språkbruk.

## Diplom for godt namneveit

Språkrådet delte ut diplom til tre føretak i Bergen i 2006: *Kos Dykk* (dykkesenter), *Fruktbar* (lunsjbar med fruktretter) og *De ti bud* (bodteneste). Diplomutdelinga er eit ledd i arbeidet



© Peter Overgaard Funch / Samfoto

mot unødvendig bruk av engelsk i norsk og skal vera ei oppmuntring til bedrifter som har valt gode norske namn på verksemda.

## Seminar om språket i film- og fjernsynsteksting

I mars 2005 bad Språkrådet inn til ein konferanse om språkkvaliteten i film- og fjernsynsteksting. I 2006 følgde Språkrådet dette opp med to seminar for tekstatarar, det første 14. juni og det andre 23. november.

# Sekretariat



© Jon Grepstad

Direktør:

Sylfest Lomheim

Administrasjonssjef:

Mari Fjærtoft Trondsen

Seniorrådgjevarar:

Ola Breivega

Marit Hovdenak (frå 1.8.06)

Rådgjevarar:

Torbjörg Breivik (permisjon 23.8.06–22.8.07)

Ingrid Forberg Dahlø

Bård Eskeland (frå 15.8.06)

Jon Grepstad

Rikke Hauge (frå 1.8.06)

Jan Hoel

Marit Hovdenak (1.1.–31.7.06)

Svein Nestor

Åsta Norheim

Eilov Runnestø

Aud Anna Senje (frå 1.9.06)

Dag Finn Simonsen

Jostein Stokkeland

Sigfrid Tvitekkja (50 % permisjon 15.10.06–15.2.07)

Førstekonsulentar:

Bente Baltzersen (permisjon)

Rikke Hauge (1.1.–31.7.06)

Brynjulf Henriksen

Pål Knutzen

Sabine Rosenhart

Siri Skaaret

Førstesekretær:

Lars Erik Klemsdal

Engasjement

for kortare periodar:

Gunhild Birkeland, Anne Engø, Vidar Lynghammar  
(Arkitektst), Åshild Søfteland, Jan R. Tislevoll

## Fagråd for samfunn og høgre utdanning

Ingebjørg Sæbu, vaktstjef i Dagsrevyen NRK, leiar

Trond Andreassen, generalsekretær i Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening

Unn Røyneland, postdoktor ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo og førsteamanuensis 2 ved Ivar Aasen-instituttet, Høgskolen i Volda

Hadia Tajik, politisk rådgjevar for arbeids- og inkluderingsminister Bjarne Håkon Hanssen

Kåre Verpe, informasjonsdirektør i Næringslivets Hovedorganisasjon

Øyvind Østerud, professor i statsvitenskap ved Institutt for statsvitenskap, Universitetet i Oslo

## Fagråd for skule og offentleg forvaltning

Åse Lill Kimestad, lektor og lærebokforfattar, ordførar i Mandal, leiar

Ove Eide, leiar for utvikling og fornying ved Firda vidaregåande skule, Sandane

Trine Gedde-Dahl, lektor ved Grefsen vidaregåande skole, Oslo

Tone Lein, informasjonssjef for Hålogaland teater, Tromsø

Atle Måseide, førsteamanuensis ved Institutt for filosofi, Universitetet i Tromsø

Arvid Samland, informasjonsrådgjevar, Nærings- og handelsdepartementet

## Fagråd for normering og språkobservasjon

Helge Dyvik, professor i allmenn språkvitenskap ved Institutt for lingvistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Bergen, leiar

Ellen Andenæs, førsteamanuensis ved Institutt for språk- og kommunikasjonstudium, NTNU

Oddrun Grønvik, hovudredaktør for Norsk Ordbok 2014 og forskar ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo

Helge Sandøy, professor i nordisk språkvitenskap ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen

Ingrid Kristine Hasund, førsteamanuensis ved Fakultet for humanistiske fag, Høgskolen i Agder

Inge Særheim, professor ved Institutt for kultur- og språkvitenskap og prorektor ved Universitetet i Stavanger

## Fagråd for terminologi og fagspråk

Johan Myking, førsteamanuensis i språk ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, leiar

Håvard Hjulstad, prosjektleiar i Standard Norge

Knut Jonassen, prosjektleiar i Standard Norge

Marita Kristiansen, førsteamanuensis i engelsk og terminologi, Institutt for fagspråk og interkulturell kommunikasjon, Noregs handelshøgskole

Anna Nesje, språkansvarleg og journalist i NTB

Nina Zandjani, språklærer ved Forsvarets skolesenter

(Medlemmene frå sekretariatet var enno ikkje oppnemnde i 2006.)

## *Konsulentar*

Oslo:	Botolv Helleland (nyno.) Boye Wangensteen (bm.)
Bergen:	Ole-Jørgen Johannessen (bm.) Oddvar Nes (nyno.)
Trondheim:	Eli J. Ellingsve (bm.) Ola Stemshaug (nyno.)
Tromsø:	Eva Mikkelsen Forsaa (bm.) Finn Myrvang (nyno.)
Alta:	Irene Andreassen (kvensk/finsk)

## *Sekretærar*

Rådgjevarar:	Irene Andreassen, Høgskolen i Finnmark (50 %) Terje Larsen, Universitetet i Oslo (rådgjevar 1.1.–30.9.06, seniorrådgjevar frå 1.10.06) Astrid Sann Evensen, Universitetet i Tromsø (50 %) Annika Odland, NTNU (50 %) Kjell Erik Steinbru, Universitetet i Bergen (50 %)
--------------	--

## **Klagenemnda for stadnamnsaker**

### *Medlemmer*

Kirsti Strøm Bull, Universitetet i Oslo, leiar  
Dag Michalsen, Universitetet i Oslo, nestleiar  
Peter Samuel Hallaråker, Høgskolen i Volda  
Jorunn Vandvik Johnsen, Oslo  
Laila Susanne S. Oskarsson, Universitetet i Tromsø  
Tom Schmidt, Universitetet i Oslo  
Eira Söderholm, Universitetet i Tromsø

### *Varamedlemmer*

Margit Harsson, Universitetet i Oslo, Anna-Riitta Lindgren, Universitetet i Tromsø,  
Endre Mørck, Universitetet i Tromsø, Oddlaug Bringe Walaker, Luster

# Budsjett og rekneskap

Opphavleg løyving	18 884 000
Overført overskot for 2005	638 000
Auke på grunn av kompensasjon for lønnsoppgjeret	423 000
<b>Sum løyving</b>	<b>19 945 000</b>

	<b>REKNESKAP</b>	<b>BUDSJETT</b>
01 Lønn og godtgjersler	10 639 734	10 905 247
01 Varer og tenester	8 603 371	9 039 753
<b>Sum kapittel 0326</b>	<b>19 243 105</b>	<b>19 945 000</b>
01 Ymse inntekter	218 011	250 000
16 Refusjonar	143 249	139 000
<b>Sum kapittel 3326</b>	<b>361 260</b>	<b>389 000</b>

Faktiske inntekter	361 260
Inntektskrav	-389 000
Budsjetterte kostnader	19 945 000
Faktiske kostnader	-19 243 105
<b>Overskot</b>	<b>674 154</b>

Likestilling	Alle stillingar		Leiarstillingar		Andre stillingar	
	K VINNER	MENN	K VINNER	MENN	K VINNER	MENN
	Kjønnsfordeling – alle tilsette (pst.)	48	52	50	50	52
Kjønnsfordeling – heiltidstilsette (pst.)	48	52	50	50	48	52
Kjønnsfordeling – deltidstilsette (pst.)	67	33			67	33
Gjennomsnittslønn (1000 kr)	373	401	485	705	364	375

# Vedtekter for Språkrådet

## § 1 Formål og oppgåver

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og skal særleg arbeida med å styrkja det norske språkets status i notid og framtid og å forvalta dei to offisielle norske språknormene. Språkstyrkingsarbeidet omfattar både norsk språk generelt og den nynorske målforma spesielt.

Språkrådet skal verna om den kulturarven som norsk skriftspråk og talespråk representerer, fremja tiltak som kan auka kunnskapen om norsk språk, fremja toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle som brukar norsk språk i den eine eller andre varianten, og verna om dei rettane som kvar enkelt borgar har når det gjeld bruken av språket.

Språkrådet skal også ta omsyn til den totale språksituasjonen i landet, slik denne kjem til uttrykk gjennom dei språklege interessene til nordmenn med samisk eller minoritetsspråkleg bakgrunn eller tilknytning.

Språkrådet skal observera og analysere aktuelle utviklingstrekk i heile det norske språksamfunnet og bør på eige initiativ leggja til rette for tenleg samarbeid med både private og offentlege aktørar innanfor ulike samfunnssektorar.

Språkrådet skal driva utoverretta informasjonsverksemd og i rimeleg omfang gi råd og rettleiing til alle som vender seg dit med språklege spørsmål.

## § 2 Rammer for verksemda

Språkrådet er administrativt underlagt Kultur- og kyrkjedepartementet. Det består av eit fast sekretariat under leiing av ein direktør tilsett av departementet. Den øvste leiinga ligg til eit styre oppnemnt av departementet. Verksemda i sekretariat og styre skal så langt råd er byggja på eit førebuaende arbeid i eit system av fagråd oppnemnde av styret.

Språkrådet skal følgja opp språkpolitiske mål og strategiar som blir fastlagde av overordna styresmakt. I enkeltspørsmål kan Språkrådet

uttala seg og gi råd etter eige skjønn om kva tiltak som best tener språkpolitiske mål.

Språkrådet har ansvar for å ta språkpolitiske initiativ overfor relevante styresmakter og skal uttala seg om spørsmål som andre styresmakter legg fram for det.

Språkrådet skal representera Noreg i nordisk og internasjonalt språksamarbeid.

Departementet kan tillegga Språkrådet spesifikke oppgåver og eventuelle fullmakter innanfor definerte saksfelt, om nødvendig med nærmare reglar om saksførebuing og avgjerdsprosedyre.

## § 3 Styret – samansetjing og oppgåver

Styret har det overordna ansvaret for verksemda i Språkrådet og skal behandla og avgjera alle viktige og prinsipielle spørsmål. Styret kan etter behov gi nærmare retningslinjer for ansvars- og arbeidsdelinga mellom styre og direktør.

Styret skal ha sju medlemmer og tre varamedlemmer. Av desse skal éin medlem og éin varamedlem oppnemnst etter val av og blant dei som er fast tilsette i sekretariatet i minst halv stilling, utanom direktøren. Dei to skal representera kvar si målform og skal vera respektive medlem og varamedlem i kvar sin halvdel av funksjonsperioden på fire år.

Det skal elles oppnemnst tre representantar og i tillegg éin vararepresentant for kvar målform. Departementet peikar ut styreleiar blant dei tre faste medlemmene frå den eine målforma og nestleiar frå den andre målforma.

Styret er vedtaksført når anten leiar eller nestleiar og minst fire andre medlemmer eller varamedlemmer er til stades.

Direktøren har ansvaret for å førebu styremøta og for å ivareta sekretariatsfunksjonen for styret.

## § 4 Fagråda – samansetjing og oppgåver

Fagråda har eit særleg ansvar for å sikra at

Språkrådet har breiast mogleg samfunnskontakt for arbeidet sitt. Dei skal formidla synspunkt og impulsar frå det norske språksamfunnet til styre og sekretariat og skal på tenleg måte drøfta og førebu større saker som skal avgjerast i styret. Fagråda har høve til å ta sjølvstendige initiativ innanfor eige arbeidsområde.

Arbeids- og ansvarsområdet for kvart råd skal fastsetjast av styret. Fag- og oppgåveprofilen deira kan justerast over tid avhengig av aktuelle utfordringar og strategiske prioriteringar. Etter behov kan styret også fastsetja nærmare retningslinjer for arbeids- og ansvarsdelinga mellom fagråda på den eine sida og styre og sekretariat på den andre sida.

Det kan oppnemnst inntil fire fagråd med inntil sju medlemmer i kvart, medrekna ein medlem frå sekretariatet i kvart råd. Denne skal også fungera som sekretær for vedkomande fagråd og skal delta i styremøta med talerett når styret behandlar saker som høyrer inn under fag- og ansvarsområdet til vedkomande fagråd.

Fagrådsmedlemmene skal ikkje oppnemnst som interesserepresentantar, men styret må sikra at kvart fagråd er breitt samansett og har nødvendig fagkompetanse.

Begge målformer må vera representerte i alle fagråda. Av det samla talet på fagrådsmedlemmer skal det vera tilnærma like mange representantar for kvar målform.

Medlemmene i kvart fagråd skal oppnemnst for to år om gongen. Styret utpeikar leiar og eventuell nestleiar.

Dei i sekretariatet som til kvar tid er medlem av dei respektive fagråda, har i samråd med direktøren og fagrådsleiaren eit særleg ansvar for å leggja til rette for rasjonell koordinering og tenleg samarbeid mellom sekretariatet og fagrådet.

*(Fastsette av Kultur- og kyrkjedepartementet  
25. april 2006)*



Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
0032 Oslo

Gateadresse:  
Observatoriegata 1 B

E-post:  
[post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no)

Tlf. 22 54 19 50